

# **SAKSPAPIR**

| Saksnr | Utval                 | Type | Dato       |
|--------|-----------------------|------|------------|
| 098/15 | Plan- og miljøutvalet | PS   | 10.06.2015 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|---------------|------------|
| Arnold Matre  | 14/1951    |

**Søknad om ny vurdering av 2. gongs handsaming av reguleringsplan for Nillshøyen**

**Vedlegg:**

2.gangs handsaming av reguleringsplan for Nilshøyen bustadfelt  
Krav om gjenopptak av behandling av planforslaget Nilshøyen  
Vedlegg  
Forslag til reguleringsplan - Nilshøyen bustadfelt

**Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.**

**Plan- og miljøutvalet - 098/15**

**PM - behandling:**

**Fellesframlegg:**

Plan- og miljøutvalet avviser saka slik den føreligg.

Fellesframlegget vart vedteke mot 1 røyst (Kåre Romarheim-Krf).

**PM - vedtak:**

Plan- og miljøutvalet avviser saka slik den føreligg.

## **Saksopplysningar: Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

### **Bakgrunn**

Plan- og miljøutvalet hadde 6. mars 2013 framlegg til reguleringsplan for Nilshøyen oppe til 2. gangs handsaming. Det vart halde synfaring på staden.

Adminstrasjonen hadde i saksutgreiinga tilrådd planen slik den låg føre. Etter synfaring gjorde plan- og miljøutvalet følgjande vedtak:

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 06.03.2013**

PM-utvalet var på synfaring før møte tok til.

#### **Fellesframlegg:**

Plan og miljøutvalet meiner at tilkomst til tomtane 12, 13, 14 og 15 ikkje kan gå gjennom tunet til Kolaas. Vi bed difor utbyggjar om å leggja fram ei ny vegframføring til desse tomtane.

Plan og miljøutvalet er positive til ei eventuell omdisponering av tomt 8/9 til barnehage, dersom dette gjer rom for ei betre vegløysing.

Kotehøgda på plankartet skal endrastr til 21 moh på tomt 11.

**Framlegget vert samrøystes vedteke.**

### **Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 06.03.2013**

### **Vurdering**

Etter vedtaket i plan- og miljøutvalet gjorde dei som står bak planen, Nina og Knut Harald Hjelmtveit, det klart at dei ikkje ønskte å gå vidare med planen på dei vilkåra som utvalet stilte. Som dei gjer greie for i vedlagte skriv meinte dei at vedtaket var gjort på feil grunnlag.

Dei som står bak planen, Nina og Knut Harald Hjelmtveit, har tatt kontakt med adminstrasjonen med krav om at plan- og miljøutvalet tek planen opp til ny vurdering , slik den låg føre fram til 2. gangs handsaming 6. mars 2013. Dei meiner at plan- og miljøutvalet (PMU) sitt vedtak i hovudsak var tufta på den sterke motstanden som vart framført av eigar av gnr 172 bnr 16.

Hjelmtveit har sendt over erklæring gjeve av nye eigar på bnr 16. Dei skal etter erklæringa overta eigedomen 07.07.15. Hjelmtveit meiner denne erklæringa gjev grunnlag for at saka vert handsama på nytt.

Adminstrasjonen har ikkje gjort noko realitetshandsaming av søknaden/ kravet frå Hjelmtveit. Det er opp til utvalet å avgjera i kva grad dei ser på dei nye opplysningane som relevante i høve deire vurderingar som låg til grunn for vedtaket 06.13.15. Korke tiltakshavar eller

kommunen har gjort endringar i plandokumenta i samsvar med vedtaket til PMU.

Kva skal utvalet ta stilling til:

Plan- og miljøutvalet må på bakgrunn av skriv frå Hjelmtveit vurdera om dei ønskjer å ta saka oppatt til ny vurdering. Dersom utvalet meiner dei nye opplysningane er av ein slik karakter at det er grunnlag for å gjera ein ny vurdering, kan dei be om å få saka opp til realitetshandsaming i eit seinare møte. Møteprotokoll frå PMU møte 06.03.15 er lagt ved.

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

.....